

# Nordfjellet - Flåtevatn - Heimre Sauanuten

## Turframlegg nr 1:

### **Nordfjellet - Farande Fant - Heimre Sauanuten**

Frå Grønstad skule over den gamle steinbrua over Lurasund, 7.5 vakre km til Håheim. (Obs! bompengar kr 45).

Ovom dei 3 gardane ca 500 m er det rikeleg med parkering.

### **Feiensteidn og varpasteidn**

Derifrå går du opp god sti og litt oppe i lia går du ved sida av ein stor stein: Fegensteinen (utalast feiensteidn). Her seiest det at ei budeie fekk ein bjørn etter seg på stølen, og vart feien (glad) då ho berga seg opp på steinen. Herfrå fekk ho hoija etter hjelp frå bygda. Nesten oppe i skaret passerer du ein stein med mykje småstein oppå. Det er Varpasteinen. Ville du ha fiskelukka i fjellvatna, måtte du kasta ein stein oppå Varpasteidn å få han til å ligga oppå. Ved leet i Håheimskar etter ca 30 minutt, tek du opp til venstre og passerer to hytter på Kvamsstøl. Her har du Kvamsstølsvatnet på høgre side og Kvamsgrønuten rett fram. Du går rett opp lia med Kvamsgrønuten til høgre. Etter 200 m rett fram ser du varden på Nordfjellet rett i sør. Herfrå ca ein halvtime opp til varden.

### **Håheimsstøl av det vakraste me har i Etne**

Gå ned rett sør frå nuten, då vil du koma rett på løypa til Haugesund Turistforening, som går til Løkjelsvatn (som du ser i vest) og til Storavassbu mot aust.

Håheimsstølen er som ein romantisk levning, både plassering og byggeskikk, frå forne tider. Her er flott å ta matpause. Du har no gått i ca 2 timar. Så følgjer du HT sine merke til Flåtevatn.

### **"Farande Fant" - ny stad kvart år**

Her ved utløpet av Flåtevatn har IF Klypetussen i år ei bok som vert kalla "Farande Fant". Denne og Nordfjellet inngår i "Alle 30" - eit samarbeid mellom fire idrettslag i Etne. Skjema for "Alle 30" finn du m.a. på [www.klypetussen.no](http://www.klypetussen.no). "Farande Fant" er den einaste boka som vert flytta til ulik stad kvart år. Fram til 31. oktober 2009 vil denne vera ved Flåtevatn 550 m.o.h. Frå Flåtevatn følgjer du HT-merkinga til Storavassbu, der du kan overnatta. Du har no gått i 5 - 6 timar inkludert rimelege pausar. Frå Storavassbu kan du følgja HT-merking til Feto og ta vegen mot Blomstølen. Før Ingebørvatna kan du følgja gulmerking til Heimre Sauanuten (1176 m.o.h.) høgste nuten i "Alle 30" - opplegget. Herfrå følgjer du gulmerking ned til Ingebørvatna og du har ca 2 timar vidare til Blomstølen på HT-merka sti, eller 2 -3 t ned til Øyno.

### **Skyss?**

Treng du skyss attende til Håheim, kan du ringa 4733 9600 Gisle Sellevold. Har me moglegheit, skal me hjelpe deg. GOD TUR!